



03.09.2007

GODT LOKALDEMOKRATI – ei plattform

Norsk lokaldemokrati er godt – men kan og bør bli betre. KS meiner ei plattform vil være til nytte i utviklingsarbeidet for eit betre lokaldemokrati. Ei plattform vil gi eit sams grunnlag å stå på, ho vil gi retning til arbeidet for å utvikle lokaldemokratiet og ho vil kunne gi ein standard å måle seg mot. Plattformen skal få fram kjenneteikn ved godt lokaldemokrati. Kva som må til for å oppnå kjenneteikna (m.a. rammevilkår og ressursar), er arbeid som naturleg følgjer etter at det er semje om plattformen.

Plattformen er utforma ut frå ein føresetnad om at godt lokaldemokrati er viktig for det samla norske demokratiet og at demokrati er ein viktig verdi det gjeld å ta vare på og utvikle vidare. Demokrati blir av og til stilt opp mot effektivitet. Dersom det er semje om kva som kjenneteiknar godt demokrati, blir ei slik avveging bli enklare sidan det vil vere klarare kva ein vinn og kva ein taper både med omsyn til effektivitet og med omsyn til demokrati.

Plattformen er tenkt å vere til hjelp i utviklingsarbeid i den einskilde kommune og for KS i arbeidet med å støtte medlemmene. KS vil også bruke den i arbeidet for å få staten til å leggje tilhøva så godt til rette for demokratisk verksemd som råd er. Plattformen tar ikkje sikte på å definere godt lokaldemokrati på ein eintydig måte. Demokrati er drøfta i 2000 år utan at det er semje om kjenneteikna. Noen legg til dømes vekt på deltaking, andre på fri diskusjon. Plattformen skal vere open nok til at det er rom for ulike tilnærmingar og vektleggingar.

Kommunar og fylkeskommunar kan nytte plattformen på ulike måtar. Ho kan tene som grunnlag for diskusjonar i kommunestyret eller andre fora der ein drøftar og konkluderer korleis kommunen skårar på dei ulike demokratimåla, og kva område kommunen vil utvikle vidare. Ho kan også tene som grunnlag for spørjeundersøkingar til innbyggjarar og representantar dersom kommunen ønskjer det. Plattformen er tenkt å peike på noen av dei viktigaste kjenneteikna ved godt lokaldemokrati, men det vil i regel vere noen kjenneteikn som representerer større utfordringar enn andre.

Eit godt lokaldemokrati har ein når.....

Innbyggjarane har tillit til lokalpolitikarane

I vårt demokrati er det folkevalde som tek avgjerder på vegne av innbyggjarane. Derfor er tillit frå innbyggjarane eit vilkår for eit godt demokrati. Tillit blir utvikla ved at innbyggjarane kjenner seg godt representerte.

Høg valdeltaking

Forskarane er usamde om kor viktig høg valdeltaking er. Dei aller fleste praktikarar ser derimot valdeltakinga som viktig. Ved vala blir representantane utpeika. Under elles like vilkår vil legitimiteten representantane tar med seg inn i vervet sitt vere betre når mange står

bak enn når få gjer det.

Innbyggjarane har eit godt grunnlag å velje på og blir motiverte til å stemme

I representative demokrati spelar vala ei nøkkelrolle. Då er det viktig at innbyggjarane har eit godt grunnlag å velje på – og at dei blir motiverte til å nytte stemmeretten. I valkampen har parti og lister nøkkelrolla. Kvart parti vil naturleg nok vurdere eigen innsats i valkampen. I tillegg bør kommunen vurdere kor god valkampen samla sett har vore til å motivere og å gi eit godt valgrunnlag.

God informasjon til innbyggjarane om rettar, politikk og tenester

Godt lokaldemokrati krev ein open kommune. Ein open kommune har god og lett tilgjengeleg informasjon om kva rettar innbyggjarane har, kva politikk kommunen fører og kva tenester han yter.

God rettstryggleik

Godt demokrati krev god rettstryggleik. For kommunar er det særleg viktig at innbyggjarane har rett til innsyn i tilhøve som er viktige for dei og rett til å klage – og at dette blir praktisert på ein god måte av kommunen.

Innbyggjarane veit korleis ein kan ta opp saker med det politiske nivået i kommunen

Med dagens organisering av kommunane er mange i tvil om korleis ein skal gå fram for å ta opp ei sak med dei folkevalde og kven ein skal vende seg til. Dette kan bøtast på ved intern avklaring og god informasjon til innbyggjarane.

Innbyggjarane får delta utanom val

Høg deltaking frå innbyggjarane utanom vala er ikkje i seg sjølv eit prov på godt demokrati. Å ha ein korrigerande mekanisme som gir innbyggjarane høve til å engasjere seg når dei ønskjer det, er likevel viktig for å sikre at avstanden mellom veljar og representant ikkje blir for stor.

Kommunane bør derfor ha avklara korleis innbyggjardeltaking kan delta utanom val slik at avstanden mellom veljar og representant ikkje blir for stor. Døme på slik deltaking kan vere direkte demokrati i form av innbyggjarinitiativ til folkerøysting, borgarpanel, brukarstyre og -utval, lokale utval eller anna deltaking for å gi folkevalde organ råd og innspel før dei gjer vedtak. Ny teknologi gir nye mulegheiter til å delta. I alle høve er det viktig at kommunen avklarar når og korleis innbyggjarane blir inviterte til å delta og kva resultata skal brukast til, for at dei som deltar skal oppleve at deltakinga blir tatt på alvor.

Open offentleg politisk debatt

Ein god demokratisk framgangsmåte er at avgjerder først blir tekne etter ein open debatt der alle som har synspunkt får delta og der det er kvaliteten på argumenta som er avgjerande – ikkje makta eller ressursane til dei som fremjar dei. Lokale media og nettsider kan vere eigna fora for slik debatt.

Aktive frivillige lag og organisasjonar

Høg aktivitet i frivillige lag og organisasjonar gir grobottn for eit godt lokaldemokrati. Det byggjer opp det som blir kalla sosial kapital. Det byggjer tillit mellom menneske og det gir erfaring med arbeidsformer og spelereglar som er viktige i eit demokrati. Organisasjonar har viktig kunnskap og kan fungere som alternative kanalar for påverknad.

Mindretalsrettar blir tekne vare på

Demokrati er fleirtalsstyre, men eit godt demokrati valsar ikkje over mindretal. For at eit demokrati skal vere godt, er det særleg viktig at det ikkje er grupper som over tid står utanfor det demokratiske systemet.

Det er god aktivitet i lokale partilag

Partia har ei nøkkelrolle som bindeledd mellom innbyggjarar og dei representative organa. Derfor er eit godt lokaldemokrati avhengig av at partia fyller denne rolla på ein god måte. Skal partia vere gode bindeledd mellom innbyggjarane og dei folkevalde, må lokallaga vere aktive. Formidling av synspunkt, spørsmål og vurderingar krev aktivitet.

Partia sikrar god rekruttering til lokalpolitikken

God rekruttering er eit vilkår for eit godt lokaldemokrati i framtida. Også her har partia ei nøkkelrolle. Samfunnsendingar fører til at det blir tyngre å rekruttere. Det er viktig å møte denne utfordringa.

Dei folkevalde set dagsorden, styrer ressursbruken og er ombod for innbyggjarane

Representantane gjer hovudjobben i vårt demokrati. I stor grad er dette ein styrings- og utviklingsjobb. Det er dei folkevalde som skal styre og utvikle den kommunale verksemda. Då må dei folkevalde setje dagsorden, styre ressursbruken og vurdere resultat slik at kommunen blir stadig betre til å nå måla sine. I tillegg er det viktig at dei praktiserer ombodsrolla på ein god måte. Det medfører m.a. at dei folkevalde fangar opp innspel og signal frå innbyggjarane, men også at dei balanserer desse slik at vedtak sikrar fellesinteresser og ikkje særinteresser.

Avklara roller og rutinar mellom dei folkevalde og administrasjonen

Dei folkevalde må i hovudsak styre gjennom administrasjonen. Det er den som førebur saker og som set vedtak ut i livet. Avklara roller og godt samspel mellom politikk og administrasjon er derfor viktig.

Godt samarbeid og godt miljø i kommunestyret

I alle større vedtaksorgan vil det bli ei arbeidsdeling der noen har større innverknad enn andre. Slik er det også i kommunestyre. Det er likevel viktig at det ikkje utviklar seg markante A- og B-lag der B-laget mest verkar som stemmekveg. Eit godt lokaldemokrati er

prega av godt samarbeidsklima og respekt for ulike oppfatningar. Det medfører mellom anna at opposisjonen blir respektert og lytta til.

Balansert kjønnsrepresentasjon

Kjønnsbalansen har blitt betre i mange kommunar, men det er framleis eit stykke til ein kan seie seg nøgd. Det bør vere god balanse mellom kjønna i kommunestyre, kommunale leiarverv og i kommunale representantar i eksterne organ.

Gode vilkår for å utøve rolla som folkevald

Demokratiet byggjer på at folk flest skal kunne veljast til representantar. Dei aller fleste gjer dette på fritida i tillegg til jobb. Skal det fungere på ein god måte, krev det at kommunen legg til rette for at alle skal kunne utøve rolla som folkevald. Opplæring, tilpassa møtetider og arbeidsformer er viktige for å sikre gode arbeidsvilkår. Kommunale sakspapir må vere enkle å lese og å forstå.

Høg etisk standard og fråvær av korrupsjon

Folkevalde gjer vedtak på vegne av fellesskapet. Det gjeld også administrasjonen. Då må det vere fellesskapet sine interesser som er det sentrale. Utnytting av rolla som folkevald eller tilsett for eiga vinning er øydeleggjande for den tilliten som er nødvendig i eit godt demokrati. I høg etisk standard ligg også at ein behandle innbyggjarane og folkevalde med respekt.

Aktiv eigarstyring av kommunale og interkommunale selskap

Kommunane har i aukande grad organisert verksemda i kommunale eller interkommunale selskap. Kommunen har likevel ansvar for verksemda. Då krevjast det aktiv eigarstyring og kontroll av desse selskapa.

Avklaring av roller mellom kommunestyret og kommunens representantar i utanomkommunale organ og partnerskap (eks regionråd).

Kommunane peikar ofte ut representantar i ulike organ utanom kommunen. Regionråda er døme på dette. Det er viktig at rollene representantane har og korleis dei skal rapportere til kommunestyret er avklara. Det same gjeld for deltaking i partnerskap og i nettverk.

Ein leverer det ein lovar

Eit demokrati som ikkje leverer resultat innbyggjarane oppfattar som gode, vil få problem. Demokrati er meir enn ein framgangsmåte. Derfor må det dei folkevalde sørgje for gode resultat. Kva som kvalifiserer som godt resultat, vil sjølvsagt vere avhengig av den situasjon kommunen står i og dei rammevilkår han har. Noko som er eit godt resultat i ein kommune, vil derfor kunne vere for dårleg i ein anna. Gode resultat er med å byggje tillit til lokaldemokratiet.

Resultat i tråd med lovnader.

Kommunen må halde det som er lova. Mykje tyder på at kommunar er flinkare til å halde det dei lovar enn det innbyggjarane trur. Om det er tilfelle, har kommunen ei formidlingsutfordring.

Gode tenester

Tenesteyting er ein viktig del av kommunal verksemd. Innbyggjarane ventar velferdstenester og andre tenester av høg kvalitet, effektivt produsert.

God samfunnsutvikling og god utnytting av handlingsrom

Kommunens samfunnsutviklarrolle får aukande merksemd. I tillegg til å gi einskildmenneske gode tenester, er det viktig for kommunane å vere med å utvikle samfunnet i ønska retning. Det kan gjelde utvikling i folketal, næringsutvikling og verdi- og samfunnsutvikling. Dei folkevalde må nytte handlingsrommet og styre mot ei berekraftig utvikling i samarbeid med andre aktørar i lokalsamfunnet.

Tilsyn og kontroll med eiga verksemd

Kommunar og fylkeskommunar forvaltar store samfunnsressursar. Dei folkevalde må kunne gå god for at desse ressursane ikkje blir skusla bort eller blir brukte på ein måte som ikkje kjem innbyggjarane til gode. Auka tilsyn og kontroll med eiga verksemd vil auke tiltrua innbyggjarane har til kommunane og fylkeskommunane.